



Kjell Yri trur ikkje Uskedalen må v enta lenge på sine omsorgsbustader (Foto: Ola Matti Mathisen)

Formannskapet har i kveld samrøystes gjeve rådmannen i oppdrag å henta inn anbod på etablering av 15-20 omsorgsbustader med heildøgns omsorg i Husnes sentrum og 10 ved Halsnøytunet. Utbyggjinga skal gjennomførast av private utbyggjarar og kommunen skal ha tildelingsrett i 30 år. Bebuarane skal ha høve til å kjøpe husvera og kommunen formidlar vidareasal. Kommunestyret har før bede rådmannen om å utgreia behovet for slike bustader også i Uskedalen og Rosendal, men desse prosjekta vert no noko utsett.

Rådmannen peika på at dei 2 andre var dei som låg best til rette for heildøgns omsorg. Dei ligg nær Husnestunet og Halsnøytunet og vil kunne nytta seg av personalbasane der. Dette vil gje ei meir rasjonell utnytting av dei heimebaserte tenestene.

Når det gjeld Uskedalen er dette knytt til Hagetunet. Det vil i så fall vera ein direkteanskaffelse som vil vera i strid med lov om offentlege anskaffelsar. Prosjektet her bør venta til seinare og lysast og på offentleg anbodskonkurranse som omsorgsbustader med heildøgns omsorg., skriv rådmannen. i saksutgreiinga si.

Venstres og Uskedalens formannskapsmedlem Kjell Yri trur ikkje at prosjekta i Rosendal og Uskedalen vert utsett til langt inn i framtida i og med vedtaket ikveld om å prioritera Husnes og Halsnøy. Også han innrømmer at behovet er klårt størst ved desse 2 og prosjekta der er tildels også starta.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

